Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. no 7. | Fylke: Hardaland.
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vass.
Emne: Skav. | Bygdelag: Vass.
Oppskr. av: Martina Søyler | Gard: Rogne.
(adresse): Vass. | G.nr. 49. Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I eldre tid brukte dei mykje attåtforing til høiet. Dei kalla dette „raskefor." eller „attåtforing".
2. Skav brukte dei mykje her fyrr i tida.
Sammanne var gjerna „markafor". eller berre „mark" eller berre „skav".
3. „Gjerningordet „skava" nåtid „skjevo" har „skove" „skal skava"
4. I forknipsår nytta ein gjerne skav til kråterfor og. Me kalla det berre skav. Det var gjerne av asp raun eller alm.
Elles bruka ein ofte „beit" til både kuer og sauer og gjeit her i eldre tider.
„Ein gav gjerna lit av dette dagleg etter jol. Elles „lauva" ein mykje og, då var det gjerne eit lauvkjerv for dagen til til kvar sauastekkje og gjerna til kua og om ein hadde asplauv, raunelauv eller askelauv.
5. Til skav nyttar ein raun, asp, ask, alm o.s.b.
Orrebark er ikkje rekna for noka godt skav.
Furu og gran skjer ein ikkje; men derimot brukte ein å henga inn sprake til natt=mat til sauer, og sume bruka det og til kua.
Gjævast til skav var vel asp, raun og alm.
Bjørkeskav bruka ein og så gjerne.

12210

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2

6. Ordet „skjevla," kalla me desse tunne kvistane som var hogde til ei vedlango, og var omlag så tjukke som ein skistav. Slike skjevla leika ungane med om kveldane. Dei bygde hus av dei, når faren hadde skave dei reine for bark -. Det var kos -
Det var helst raun dei var av.

7. Dette rimet har eg visst høyrt eigong, men noko som kan erstatta dette, kjenner eg inkje

8. Heile buskapen fekk gjerne skav, men ikkje hesten. Skave var mest aktuelt mot våren. Dei gav skave helst for seg sjølve. Dei brukka ikkje å skava aver som eg kan minnast. Om det var for dyri inkje likte det, eller for dei trudde det var mindre næring i denne „ædvi," veit eg ikkje.

9. Ein fekk meir mjølk og „fyldigare" rjome når kua fekk skav og smøret vart meire gult - men raumeskav kunde setja ein beisk smak på rjomen og på mjølki om dei fekk det dagleg. Difor veksla dei med dette skave sitt.

10. Ein drog gjerne til skogs etter skaveved. Elles så brukar ein hesjeveden og skav av husveden til dyri.

11. Me kalla det å draga på „markaskog," reisa etter mark eller etter skavved.

12. ja ein kallar veden: skavved mark eller skav til dyri.

13. Her kalla dei berre „marka" når dei samla skavved. Sa segjer ein på „lauvskog" og på „mosehenting."

14. Skave hentar ein helst heim mot våren. Her rekna dei det inkje for så hart arbeid dette.
Har inkje høyrt dette om å hente heim skav langfredag, å lida på denne måten.

12210

15. Skavinga gjekk føre seg, ute på tunet, i vedsjulet, eller ogso inne i stova.

16. Dei nytta ein skåvekniv, som dei kalla „bandakniv" til å skava med. Denne kniven var omlag ei alen lang med hald i begge endar gjort av tre. Den var lit krumbøygd og ljåen gjekk ikkje heilt ut til handtaki. Denne kniven var berre laga for dette høvet. Elles kunde dei som ingen bandakniv hadde, bruka eit ljåsleroft, med filla i eine enden, so helt dei i den andre om ljåspissen. Bandaknivane var rekna som best til dette bruket, men ein måtte hjelpa seg på ymis vis —.

17. Dei går fram på ulike vis. Utsjeveden skov dei gjerne ute i vedsjulet, og då hadde dei gjerne ei skrustikka, som dei kalla det å feste stokken i, mens den andre enden kviler på ei kluftegreine som dei set ned i jordi. Her hadde dei gjerne og ein bandakrakk når dei skov sjevla inne i stova, eller dei bruka ein annan gamal krakk, som dei sette ein pinne i, so kvilte ljåen på dette, mens sjevelen fördes fram og attende. Denne pinnen kalla dei berre „skavpinnen" som eg husker.

18. Har inkje sett eller høyrt om dei har nytta slik stong her — men det kunde vel henda at ein „maredoff" brukte både sengi og ovnen til skavkrakk.
Har inkje høyrt namne skavhal — Kanje dei bruka det fyrr ni tid, eg veit inkje. Har aldri høyrt det namne av gamle folk i min unge alder heller —.

12210

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4 19. Dei kan sitja og sume står. Dersom dei skjer inne so sat dei helst. Då brukka dei gjerne ein skavljå, helt kjeppen med venstre handa og förde ljåen med högre handa, so hadde dei då denne pinnen til stå for skavkniven, so drog dei kjeppen fram og attende.
Dersom dei brukka handakniv så måtte dei brukka begge hendene. Det gjekk fortare og mest vart det og brukt. Då helt dei helst til ute med det

20. Den veden som er skaven, kallar ein skavved; men dei korte kjeppane kalla me sjevla.

21. Namne på barken kalla ein bark eller skav. Dei små litane kalla me „skavblakko."

22. Kjeppane som er skavne kallä dei her „sjevla", fleirtal alle skjevlane"- Ein „skjevil."
„Kubbe" kalla me eit vedstykkje.

23. "Ein skjer tunne kjeppar; men og lange vedkubbar. Den kan vera lenger end vanleg brennved -.

24. Skave kan vera ymist, tunt og fint; men og tjukkare alt etter det matriel ein har med å gjera. Sjeldan tek ein med noko av vedlaget - men barken kan vera tunn, og sume tider tjukkare. ja sume var mykje flinkare end andre å skava. Dei skolde ut det ringe av barken, og tok berre det som dei visste dyri var gla i.
Dyri gjorde forsjell på skav, og bles i nasa når skave ikkje var godt for dei.

25. Avskaven ved var bra til bakstreved. Elles nytta ein den til husved, og til å fyra med når ein laga omnsbrådd.

26. Ein slutta med å skava for omlag 20 år sidan-.

12210